
Saknr: 2020/45591-1
Saksbehandlar Paal Fosdal
Dato: 25.03.2020

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Covid 19 - Status og framtidige utfordringar i perioden 2.mars – 26.mars for å handtere utbrot av koronavirus

Dette notatet er ei punktvis skildring av status og framtidige utfordringar knytt fylkesrådmannen sitt arbeid i veke 10-13 (perioden 2.mars - 26.mars) for å handtere utbrot av koronavirus - Covid 19. Notatet er ei orientering til fylkesutvalet 26.mars 2020.

Fylkesrådmannen oppretta stab 2.mars 2020. Staben har hatt møte annankvar dag i heile perioden og har følgd utviklinga døgntinuerleg. Følgjande beslutningspunkt bør særleg nemnast innleiingsvis:

- 10.mars: Alle fylkeskommunale arrangement avlyst fram til påske
- 12.mars: Alle politiske møte i perioden 16-20.mars avlyst
- 13.mars: Alle vidaregåande skuler stengt. Heimeskule etablert. Fullt operativ frå 17/18.mars
- 13.mars: All ordinær tannbehandling stoppa. Kun akuttbehandling i samsvar med nasjonale føringar
- 20.mars: Eigne akuttklinikkar etablert i samsvar med nasjonale føringar

1) Fylkesrådmannen sin bruk av fullmakter

Med heimel i Vestland fylkeskommune sitt reglement for folkevalde organ og delegering pkt 8 - *Mynde til å handtere ein krisesituasjon*, har fylkesrådmannen i perioden godkjent følgjande:

a) 15 og 16.mars

Opplæring og kompetanse:

Fylkesrådmannen gjev rektorane mynde til å sette i verk naudsynte tiltak for å forebygge smitte og eventuelt redusere spreiding av koronaviruset.

Mobilitet og kollektivtransport:

- Nedtrekk av produksjon ved:
 - Sommarproduksjon Bergensområdet
 - Sokalla «skulefri» produksjon i distriktet
- Skyss billett app blir klargjort for båt i Hordaland. Lanserast snarast (tentativt innan 3 dagar etter avgjerd). Ingen konsekvensar for prissetting
- Vipps Go blir implementert som betalingsløsning der den enkelte billettpris blir lagt inn manuelt av kunde etter anvisning fra plakatar om bord og eventuell informasjon frå mannskap
- Vipps Go blir implementert som betalingskanal for buss i Sogn og Fjordane etter følgjande prinsipp med tentativt plan for implementering innan 3 dagar:
 - Lokalbuss i Sogn og Fjordane:

- Minstetakst på lokalbuss på kr 33,- for vaksen, blir innført midlertidig som takst for reiser med lokalbuss i heile Sogn og Fjordane, og blir lagt inn som eige produkt i Vipps Go
 - Bybuss i Sogn og Fjordane:
 - Pris for bybuss i Førde og Florø, kr 20,- for vaksen (gyldig ein time) blir vidareført og lagt inn som produkt i Vipps Go.
 - Det blir oppretta eigne prisar for barn/honnør/student som i dag.
 - Det blir oppretta eigne periodekort/ungdomskort produkt, slik at ein har høve til fornying vha Vipps Go
- Prioritering av drift av båt- og ferjesambanda etter rekkefølga under dersom det oppstår mannskapsmangel som følgje av korona:
 - 1) Beredskapssamband (definerte ferjesamband)
 - 2) Samband som knyter saman øyer og fastland
 - 3) Store og viktige samband som har viktig samfunnsfunksjon
 - 4) Mindre prioriterte samband er det ligg føre omkøyringsalternativ
 - 5) Samband som har meir enn eit fartøy i sambandet
 - Den endelege prioriteringa av kritiske samband blir gjort av fylkesmannen sitt beredskapsråd.
- Stopp for kontant betaling innføring av kortbetaling på båtruter.
- Stopp manuell billettering på ferje og båtruter.

b) 25.mars (som følgje av at nasjonale tiltak vert forlenga til 13.april)

- Det vert utferda endringsordrar til operatørane for buss og bybanen om produksjonsreduksjon i dei einkilde kontraktane.
- Endringsordrane skal ha verknad frå og med 28.03.2020 og gjelde inntil vedtaket om stengde skoler blir oppheva, men ikkje lenger enn til tidspunktet for ordinær oppstart av sommarruter.

2) Stabsavdeling for organisasjon og økonomi

a) Oppsummering og status for tilrettelegging og handtering så langt

- HR/HMS: Følgje opp og ta vare på tilsette - halde oversikt over tilsette i karantene og smitta/sjuka, sikre kritiske funksjonar og løpande drift, ivareta omsynet til HMS og heilskapleg arbeidsgjevarpolitikk
- Vurdere evt kompensierende tiltak
- Politisk: Ivareta og sikre det folkevalde styret - leggje til rette for politisk styring, involvering og prosessar

b) Kva vi ser for oss framover med omsyn til utfordringar, tilrettelegging og prioritering

- Samfunnsansvar: Forsering av diverse investerings- og vedlikehaldsarbeid, mobilisering av ressursar - har kartlagt omfanget av tilsette med bakgrunn frå helsefag og frå restaurant- og matfag

3) Stabsavdeling for strategisk utvikling og digitalisering

a) Oppsummering og status for tilrettelegging og handtering så langt

- Tannhelsetenesta - Sjå omtale i eige punkt 9) nedanfor
- IKT
 - Prioritere ressursar inn mot:
 - dageleg drift, løysingar lisensar for å handtere heimekontor
 - behov innanfor opplæring for å sikre fjernundervisning/heimeskule
 - opplegg for politisk møte digitalt
 - oppfølging av IKT-sikkerheit
 - Nedprioriterer migrering til ny VLFK-løysing. Har liten hensikt å halde framdrift her i perioden der tilsette arbeidar på heimekontor.
- Planlegging
 - Halde framdrift i arbeidet med Utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi). Lovpålagt handsaming i fylkestinget innan 30.september 2020.

b) Kva vi ser for oss framover med omsyn til utfordringar, tilrettelegging og prioritering

- Halde oppe alt innanfor IKT over tid, dvs:
 - IKT-infrastruktur og digitale løysingar
 - Kapasitet (bemanning) dersom vi får sjukefråvær
 - Løysingar for fjernundervisning/heimeskule
- Få tilsette over på ny VLFK løysing. P.t. legg vi opp til følgjande:
 - Tannhelsetenesta, som skulle vore migrert i mars, blir utsett til over sommaren. Dette er ikkje kritisk.
 - Opplæring blir migrert i samsvar med plan. Føresetnaden her er at restriksjonar ikkje blir oppretthalde på same nivå som i dag over sommaren
- Halde framdrift i arbeidet med Utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi). Lovpålagt handsaming i fylkestinget innan 30.september 2020.

4) Avdeling for opplæring og kompetanse**a) Oppsummering og status for tilrettelegging og handtering så langt**

Stenging av skulebygg for undervisning. Skulane er opne for:

- Tilsyn med elevar med spesielle behov som har føresatte med samfunnskritiske roller
- Lærarar som ikkje har nettilgang eller tilstrekkelege arbeidstilhøve heime - kun 1 lærar per rom
- Elevar utan nettilgang - kun 1 elev per rom
- All undervisning føregår på digital heimeskule

b) Kva vi ser for oss framover med omsyn til utfordringar, tilrettelegging og prioritering

- Arbeidar med å sikre kvaliteten på heimeskulen.
- Det er vanskeleg å gi opplæring i praktiske fag på heimeskulen. Her arbeider vi med løysingar
- Eksamen er vanskeleg å gjennomføre på nett
- Utfordringar for rekruttering av lærlingar for neste skoleår

5) Avdeling for mobilitet og kollektivtransport**a) Oppsummering og status for tilrettelegging og handtering så langt**

- Vi har hatt dialog med alle operatørane, for å sikre at dei er klar til å drifte også med redusert bemanning, etter prinsippa til DSB sin rettleiar i kontinuitetsplanlegging.
- Tilbodet for buss og bybanen er redusert. Frå veke 13 er det sommarruter i Bergensområdet, og ruter med skulefri elles. I veke 12 vart det for buss køyrd ruter med skulefri nokre stader.
- Etter at skulane vart stengd og folk byrja arbeide frå heimen, er trafikken redusert til om lag ¼ av normalen for buss og for bybanen. For fylkesvegferjene viser statistikken (basert på 2 dagar) at trafikken er redusert til om lag 50% av normalen. For båt er det også svært få reisande no (statistikk tilgjengeleg i veke 13)
- Det er lagt stort arbeid i å koordinere med andre fylkeskommunar, samt rapportere status og tiltak til sentralt hald. *Kollektivtrafikkforeningen* er viktig i nasjonal koordinering no.
- Delar av utbyggingsprosjektet til *Bybanen utbygging*, på strekket *Sentrum - Fyllingsdalen* har problem med arbeidskraft. Spesielt gjeld dette dei to tunnelentreprisane, der det er mange utanlandske arbeidarar. Om dette får følgjer for opningsdato er for tidleg å seie.

b) Kva vi ser for oss framover med omsyn til utfordringar, tilrettelegging og prioritering

- Om pandemien utviklar seg sterkt, kan det bli naudsynt å prioritere driftsressursane hardare. Ytterlegare nedtrekk i tilbodet er aktuelt. Det er utarbeidd lister over dei mest kritiske samband og rutar, som grunnlag for ei eventuell kritisk situasjon på personellsida.
- Vestland tapar store inntekter som følgje av at færre reiser og løyser billett. Inntektsbortfallet er berekna til 105 millionar kroner i månaden. Vi må sikre at vi får dekning for desse tapa frå sentrale myndigheiter. Om vi ikkje får det, vil det få store konsekvensar for budsjett og langsiktig satsing på kollektivområdet.

6) Avdeling for infrastruktur og veg

a) Oppsummering og status for tilrettelegging og handtering så langt

- Vi har hatt fokus på å halde drifta i gang
 - Nokre mindre prosjekt har stansa opp - ikkje kritisk
- Lokale karantenevedtak har gitt oss ein del utfordringar i pågåande prosjekt - når lokale karantenevedtak vart oppheva kom fleire i gang att.
- Noko redusert drift nokre stader pga personell i karantene og for å redusere smitterisiko.
- Ein del varsel om *force majeure* frå entreprenørar. Vi jobbar aktivt for å avklare rettar og plikter; utsetting av fristar, økonomisk kompensasjon etc

b) Kva vi ser for oss framover med omsyn til utfordringar, tilrettelegging og prioritering

- Det er utfordrande å gjennomføre møte med grunneigarar, entreprenørar og andre på ein god og trygg måte. Vi prøver å handtere dette så godt vi kan. Dette gjeld t.d.:
 - Anbudskonferansar: Det er viktig å ha god kontakt med entreprenørane ved utlysing og i startfasen av nye prosjekt. Dette må vi gjere på ein måte som reduserer smitterisiko
 - Samhandling/møte med grunneigarar. Det er ikkje alle som kan lese plankart og forstå konsekvensane for dei og deira eigedom. Her er vi avhengige av god kontakt.
 - Synfare områder i samband med planarbeid, der "temperaturen" er høg i utgangspunktet. Då vil folk ta direkte kontakt med oss.
 - Rekruttering/intervju: Intervju på Skype, men har også behov for å møte aktuelle kandidatar. Vi har mange stillingar i prosess.
- Ein del oppgåver er greie å løyse frå heimekontor, for andre går effektiviteten ned.
- Tilrettelegging og prioritering:
 - Arbeidar for å forsere tiltak/prosjekt der det er mogleg. Det utfordrar oss at vi ikkje har på plass alt byggherrepersonell enno
 - Kartlegg høve til auka aktivitet dersom det kjem ein tiltakspakke/auka løyving

7) Avdeling for kultur, idrett og inkludering.

a) Oppsummering og status for tilrettelegging og handtering så langt

Interne tiltak i eigen organisasjon:

- Heimekontor i samsvar med fylkesrådmannen sine retningslinjer
- Etablert faste rutinar for kontakt/oppfølging i avdelinga og seksjonane via TEAMS/Skype
- Løyst særskilde utfordringar
- I stor grad stengt ned og avslutta eksterne tenester, td *Den kulturelle skulesekken*.

Eksterne tilhøve og tiltak:

- Brei kontakt med kultur og idrettsorganisasjonane for å skaffe oversyn over situasjonen i Vestland
- Kontakt med store kommunar
- Kontakt med statsetatane, andre fylkeskommunar og KS
- Planlegging av samordna kunnskapsinnhenting frå kultur, idrett og frivillig sektor.
- Førebuing av evt involvering i handteringa av statlege krisepakker.

b) Kva vi ser for oss framover med omsyn til utfordringar, tilrettelegging og prioritering

- Vurdere og løyse økonomiske utfordringar i høve eiga drift.
- Delta i å løyse svært krevjande situasjon i frivillig sektor og i kulturlivet - saman med kommunar og stat. Ta ansvar for den regionale koordineringa.
- Oppfølging av konsekvensar vil vere avhengig av systematisk kunnskapsinnhenting, godt koordinert med stat og kommunar.

8) Avdeling for innovasjon og næringsutvikling

a) Oppsummering og status for tilrettelegging og handtering så langt

- Alle medarbeidarane er på heimekontor og vi har kvalitetssikra at alle har tilstrekkeleg utstyr og linjekapasitet
- Seksjonssjefane har hyppig oppfølging av tilsette og har organisert ulike fagområde i team og arbeidsgrupper
- Avdelingsdirektør har avdelingsmøte med alle tilsette i 45 minutt kvar fredag.
- Kontakt eksternt er prioritert, mot næringsaktørar og deira hjelparar; som næringsshagar, næringssselskap, destinasjonsselskap m.fl

b) Kva vi ser for oss framover med omsyn til utfordringar, tilrettelegging og prioritering

- Internt; halde trykket og produksjonen oppe når situasjonen med heimekontor strekker ut i tid.
- Eksternt; det blir lansert mange tiltak og pakkar mot næringslivet frå sentralt hald. Vil bli krevjande å få alle dei regionale aktørane til å samordne sin aktivitet opp mot dette, sikre at regionale verkemidlar ikkje overlappar dei nasjonale, men tangerer desse. Samstundes som alle vi regionalt klarar å samordne prioritet og tiltak, slik at vi også i Vestland er mest mogeleg saumlause og samordna.
- Eksternt; svært mange aktørar som er sårbare økonomisk i utgangspunktet, og som no er i ein krevjande situasjon med mangel på kapital til drift m.m.

9) Tannhelsetenesta

a) Oppsummering og status for tilrettelegging og handtering så langt

- Tannhelsetenesta har tilrettelagt smitteklirikar i Sørås og på Nordfjordeid.
- Tenesta har utarbeida rutine for behandling ved mistenkt og påvisst Covid 19 smitte.
- Det er meldt inn forventa trong for dei to neste vekene med tanke på smittevernsutstyr for privat og offentleg teneste.
- Samarbeid og oppfølging av private tannlegar. Her inngår mykje rettleiing.

b) Kva vi ser for oss framover med omsyn til utfordringar, tilrettelegging og prioritering

- Store økonomiske utfordringar. Tap på vel 1 million kroner pr mnd i sviktande pasientinntekter (inntektsbortfall). Auka utgifter for tilrettelegging. Sum førebels ukjent.
- P.t. behandlar vi berre akutte. Ved full drift igjen må berre prioriterte grupper i stor grad få eit tilbod. Vi må i etterkant også vurdere kva som er akutt pga oppsamla behov for behandling.
- Må vurdere å innføra forlenga intervall på grupper og einskild personar